

## 1.000 kroner for å hoppa tau!

17.06.2009



Hilda Guddal og Berit Myklebust kom med 1.000 kroner til femte- og sjetteklassingane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- 1.000 kroner er ikkje verst for å hoppa tau, sa rektor Vidar Haugland då han under ei imponerende årsavslutning onsdag føremiddag kvitterte for ein uvanleg aktivitet ved skulen.**

**Fem- og sjetteklassen (som er saman) fekk ein tusenlapp av det lokale helselaget for tauhopping. Det var Berit Myklebust og Hilda Guddal som kom med pengane.**



- Tusen kroner for å hoppa tau er ikkje verst! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Barn og unge er eit av satsingsfelta til Nasjonalforeningen og dei er meir stillesitjande enn før, påpeika Hilda. Difor er dei meir utsette for å få diabetes og hjartesykkdommar.

- At dei er med og hoppar tau eller har andre fysiske aktivitetar er viktig. Auka bevegelse gjev betre motoriske ferdighetar og gjer det lettare å få til meir i teoretiske fag som skrivning og matematikk. sa Hilda..

Eitt av tiltaka til Nasjonalforeningen er hoppekonkurransen og i år har 108.000 delteke i den. Faktisk er det annankvart born på mellomtrinnet. Her i Uskedalen var berre femte- og sjetteklassen med og dei kom på plass nummer 442 i Hordaland der 664 klassar deltok.

- Vi hadde håpa på at fleire klassar var med her i Uskedalen, sa Hilda.

Sjølv om helselaget lova 1.000 kroner i premie til beste klasse fann dei det riktig å dela ut prremien sjølv om berre ein klasse var med.

Fleire var det i Herøysund der Bringedalsbygda oppvekstsenter hadde med tre klassar og sjuandeklassa der kom på 62.-plassen i fylket.

Dei tre beste klassane i landet fekk 5.000 kroner kvar.

Hilda takka også skulen for salet av hjartelodda og hadde denne oppmodinga til elevane: - Stå på og hopp for hjartet eller ha ein annan fysisk aktivitet!

Rektor Vidar Haugland forsikra at elevane i Uskedalen allereie er svært aktive med omsyn til fysisk aktivitet.

Av Ola Matti Mathisen